

Utkast til resultatmål for Nasjonal behandlingsteneste for avansert brannskadebehandling

Likeverdig tilgjenge

Nasjonal behandlingsteneste for avansert brannskadebehandling skal gje eit likeverdig tilbod av god kvalitet til alle innbyggjarar i Noreg uavhengig av kvar dei bur og kva helseregion dei soknar til. For å nå dette målet har tenesta sett opp følgjande resultatmål:

Resultatmål 1: Den geografiske fordelinga av pasientar som tenesta behandler, bør over tid spegle befolkningensgrunnlaget i dei ulike helseregionane. Avvik frå dette bør over ein 5-års periode ikkje vere større enn 10%.

Resultatmål 2: Tenesta freistar å etablere og vedlikehalde eit vaktlag av erfarne brannskadekirurgar som er tilgjengelege heile døgeret alle dagar i året. Dette vil, saman med den generelle intensivmedisinske vaktordninga i Helse Bergen, gje alle helseaktørar i Noreg kontinuerlig tilgang på høgt spesialisert rådgjeving og hjelp. Oppetida for ei slik vaktordning skal vere minimum 95%.

Kompetanseoppbygging

Behandlingstenesta skal arbeide for å bygge opp og styrke kunnskapen om brannskadebehandling i alle landets helseregionar. For å nå dette målet har tenesta sett opp følgjande resultatmål:

Resultatmål 3: Tenesta vil publisere sine tilvisingskriterium slik at desse er godt kjente for alle som arbeider med brannskadde pasientar. Tenesta vil også gjennomføre ei enkel spørjeundersøking årleg for å sikre at flest mogleg som arbeider innan fagfeltet får høve til å gje tilbakemeldingar om korleis dei opplever at tenesta fungerer. Målet er at ein på spørsmålet «i kor stor grad meiner du tenesta oppfyller rolla si som nasjonal behandlingsteneste?» på ein skala frå 1-5 skårar over 3,5.

Resultatmål 4: Tenesta vil gjennomføre utdanningskurs etter den internasjonale standarden EMSB (Emergency Management of Severe Burns). Dette vil bli gjort i samarbeid med nordiske og andre internasjonale samarbeidspartnarar. Målet er at det vert arrangert to kurs i Noreg kvart år og at ein i tillegg legg til rette for norsk deltaking på minimum to andre nordiske/europeiske kurs årleg.

Resultatmål 5: Tenesta vil freiste å initiere og delta i brannskadeforsking som involverer fleire av landets helseregionar. Målet er at ein til ei kvar tid har aktive forskingsprosjekt med deltaking frå fleire helseregionar.

Kunnskaps- og kompetansespreiing til heile helsetenesta

Behandlingstenesta skal bidra til å bygge opp og halde ved like kunnskap og kompetanse om brannskadebehandling hjå alle delar av helsetenesta i heile landet. Det er viktig at alle deler av helsetenesta og Noregs befolkning generelt kjenner til basal behandling og fyrstehjelp ved

akutte brannskadar. Samstundes er insidensen av store brannskadar heldigvis så liten at dette er ein type pasientar dei fleste av landets helsearbeidarar sjeldan vil støte på og kor behovet for hjelp og støtte frå den nasjonale tenesta vil vere stort. For å stette begge desse behova, har tenesta utarbeida følgjande resultatmål:

Resultatmål 6: For å vedlikehalde kjennskapen til basal fyrstehjelp og behandling av brannskadar hjå heile helsetenesta og befolkninga generelt, vil tenesta så langt som mogleg stille opp i media og generelle helse- og populærvitkaplege tidsskrift og gje generelle råd. Målet er minimum tre oppslag/nyhetssaker årleg.

Resultatmål 7: For å sikre god lokal oppfølging og kompetansespreiing når pasientar har vore utsett for store skadar, vil tenesta tilby å følgje pasienten attende til eigen helseregion/heimstad og drive konkret opplæring av lokalt og regionalt helsepersonell som tek over behandlinga og ansvaret for pasienten. Då oppfølginga frå den nasjonale tenesta i slike tilfelle ofte er livslang, vil ein også etablere direkte kontaktpunkt der lokale aktørar kan søke råd og hjelp. Målet er at ein skal tilby denne løysinga ved alle store skadar der dette kan vere aktuelt, truleg 5-10 pasientar per år.

Kvalitet på og resultat av behandlinga

Behandlingstenesta ynskjer å halde eit høgt internasjonalt nivå på behandlinga som vert gitt. For å sikre dette har tenesta utarbeida følgjande resultatmål:

Resultatmål 8: Tenesta freistar å levere behandlingsresultat på høgt nivå og ynskjer så godt det let seg gjere å jamføre sine resultat med andre brannskadesenter i den vestlege verda. Tenesta tek sikte på å publisere sine resultat i internasjonalt anerkjente tidsskrift. På sikt vil ein gjerne også nytte data frå Norsk brannskaderegister for meir direkte å kunne samanlikne både mortalitet og andre parametrar opp mot andre senter år for år. Målet er å vise resultat som ligg over 50-percentilen samanlikna med andre vestlege senter. Samstundes bør mortalitet hjå aktivt behandla pasientar ligge under 5%.

Resultatmål 9: Tenesta ynskjer å halde mengda av ikkje planlagte reinnleggningar på ei på eit minimum. Talet på slike innleggningar vil etter kvart vere lett tilgjengelig gjennom Norsk brannskaderegister. Målet er at dette talet skal ligge under 5%.

Betre kostnadseffektivitet

Avansert brannskadebehandling er svært ressurskrevjande. Behandlingstenesta ynskjer å nytte våre felles ressursar fornuftig og få mest mogleg igjen for bruken. For å oppnå dette har tenesta sett opp følgjande resultatmål:

Resultatmål 10: Tenesta ynskjer å gjere behandlinga så effektiv som råd utan at dette går utover kvaliteten. Målet er å vise resultat som viser ein effektivitet som ligg over 50-percentilen når ein samanliknar med andre senter i den vestlege verda. Samstundes bør liggetid vere mindre enn 2 døger/prosent skada hudareal.

Resultatmål 11: Då tenesta har pasientar frå heile landet som treng oppfølging over lang tid, vil ein forsøke å nytte moderne former for konsultasjonar der dette er mogleg. Målet er at minimum 20% av våre polikliniske konsultasjonar vert gjennomført digitalt (video/telefon).

Pasientperspektiv

Behandlingstenesta si primære oppgåve er å ivareta pasientane på ein best mogleg måte. For å sikre at tenesta får med seg og lyttar til tilbakemeldingar frå pasientar og pårørande har ein sett seg følgjande resultatmål:

Resultatmål 12: Tenesta vil forsøke å spele på lag med og vere til stades når Norsk foreining for brannskadde arrangerer leirar og samlingar for pasientar og pårørande. Målet er at tenesta skal stille med personell til familie-, barne og vaksenleir kvart år.

Resultatmål 13: Tenesta vil gjennom utviklinga av Norsk brannskaderegister legge inn pasientrapporterte resultatmål (PROM/PREM). Målet er at alle pasientar som har vorte behandla i regi av den nasjonale tenesta skal oppmodast og få god mulighet til gje tilbakemelding på korleis dei har opplevd kvaliteten på behandlinga, møte med helsetenesta, informasjonen dei har fått og muligheita for medverking.